

# Møteinnkalling

VERNEOMRÅDESTYRET FOR  
SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE



---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Telefonmøte  
**Dato:** 21.12.2018  
**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 34/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 35/18	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 36/18	Orienteringssaker
AU 37/18	Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester frå SNO for 2019
AU 38/18	Uttale til planprogram for reguleringsplan for tunell Espedal-Frafjord
AU 39/18	Uttale til ny søknad om planendring fro Blåfjell pumpe
AU 40/18	Eventuelt

**AU 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**AU 35/18 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**AU 36/18 Orienteringssaker**

Arkivsaksnr: 2018/11857-0

Saksbehandler: Alf Odde

Dato: 18.12.2018

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	37/18	21.12.2018

## Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester frå SNO for 2019

### Forvalters innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder Verneområdestyret inn følgjande behov for tiltaksmiddel og bestilling av tenester av SNO for 2019.

#### Tiltaksmidler:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtseltiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttemyr, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttemark, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttemyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	20.000
4.	Skjøtsel slåttemark, Mån	Frafjordheiane/Forsand	25.000
5.	Skjøtsel slåttemyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	40.000
	<i>Sum pågåande skjøtseltiltak</i>		<b>140.000</b>
<u>Nye skjøtseltiltak</u>			
6.	Rydding slåttemark, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Bevaringsmål for Hubro lokalitetar	SVR/Sirdal, Valle	20.000
8.	Utarbeiding av skjøtelsplan, Brattelid	SVR/Bykle	15.000
	<i>Sum nye skjøtseltiltak</i>		<b>55.000</b>
<u>Påbyrja og utsette tiltak frå 2018</u>			
9.	Restaurering av drifteveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	80.000
10.	Fjerning boreboltar, Kjerag	Frafjordheiane, Forsand	40.000
11.	Restaurering av jordhytte, Stranddalen	Dyraheio/Suldal	40.000
12.	Klopplegging, Taumevatn	SVR/Sirdal	50.000
	<i>Sum påbyrja og utsette tiltak</i>		<b>210.000</b>
<u>Tiltak på innfallsportane</u>			
13.	Utviding av parkeringsplass, Røssdalen	Frafjordheiane/Forsand	100.000
14.	Toalettbygg, Eikeskog	Frafjordheiane/Gjesdal	100.000
15.	Informasjonsskilt, Eikeskog	Frafjordheiane, Gjesdal	360.000
16.	Oppgradering av tursti, Hovdenuten	SVR/Bykle	500.000

17. Informasjonsskilt, Galten	Hovden/Bykle	160.000
18. Rydding/merking av turstiar, Bortelid	SVR/Åseral	100.000
19. Klopplegging av turstier, Ljosland	SVR/Åseral	100.000
20. Forprosjekt, tursti Håheller	SVR/Sirdal, Valle	50.000
21. Klopplegging, Bleskestadmoen	Dyraheio/Suldal	30.000
22. Restaurering av varden på Svarvaren	SVR/Valle	100.000
<i>Sum tiltak på innfallsportane</i>		<b>1.600.000</b>

#### Andre informasjonstiltak

23. Informasjonsfolder til turrenn	Alle områder	10.000
------------------------------------	--------------	--------

#### Andre tiltak

24. Kartlegging av ferdsel Store Urarvegen	SVR/Bykle	25.000
--	-----------	--------

**Total sum** **2.040.000**

#### Tenester frå SNO:

##### Oppdrag

##### Verneområde

<u>Oppdrag</u>	<u>Verneområde</u>
<b>Tilsyn/kontroll</b>	
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle
Kontroll og dokumentasjon av byggetiltak i Grytdalen	SVR
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 19-22. juli	Frafjordheiane
Kontroll av ulovleg bruk av droner langs stien til Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden
Kontroll av ferdsel i ferdselsforbodsone ved Stavskar og Øyuvsbu	SVR
Synfaring av ulovleg tyggetiltak ved Storheddervatnet	SVR
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>	
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Øyastøl, Kvanndalen
Utplassering av bilteljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio
Utplassering av bilteljar på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet	Dyraheio og Holmavassåno
Utplassering av ferdselsteljar på stien til Kjerag	Frafjordheiane
Innhenting av tilbud på oppsetting av informasjonsskilt	Alle
Oppsetting av informasjonsskilt på Eikeskog og Galten	Frafjordheiane og Hovden
<b>Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)</b>	
Gjennomføring av overvåkingsprogram for bevaringsmål for hubrolokalitetar	SVR
<b>Naturveiledning/informasjon</b>	
Orienteringer til verneområdestyret på styremøter	
Orienteringar på opne informasjonsmøtar	
Deltaking på møter og arrangement i regi av verdiskapingsprosjektet	
Delta på møte med helikopterselskap	

## Saksopplysninger

Miljødirektoratet har i brev datert 24.10.2018 bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2018, i alle dei 17 verneområda ein er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10. januar 2019. Det skal meldast inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet for 2019, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjettrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast, og at midlane skal brukast i samsvar med nasjonale føringar.

Det vil og bli gjennomført tre supplerande tildelingar gjennom året, for å dekke uføresette utgifter som oppstår utanom den årlege søknaden.

Det skal og meldast inn bestilling av tenester som ein ønskjer at lokalt SNO personell skal utføre for verneområdestyret i 2019.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 12. desember. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2018 sesongen og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av ulike feltoppgåver vart drøfta. I tillegg drøfta ein prioritering og praktisk gjennomføring av aktuelle tiltak i 2019.

Tiltak som er ein del av besøksforvaltinga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR er så godt som ferdig og er oversendt Miljødirektoratet for endeleg godkjenning. Signala vi har fått tydar på at besøksstrategien kan brukast som grunnlag for tildeling av tiltaksmidler for 2019.

## Vurdering

### Innmelding av behov for tiltaksmiddel i 2019

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2019. Med bakgrunn i desse innspela, pågåande arbeid med besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Generelt har vi lagt vekt på å prioritere dei oppgåvene vi meiner er mest påkravde, og sjølvstøtt halde fram med pågåande tiltak.

2019 blir det første året det tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet. Som skissert i denne vil innfallsporten Eikeskog bli prioritert. I tillegg blir det oppstart av dei tunge tiltaka på Hovden. Ei rekke andre informasjonstiltak frå besøksstrategien blir og prioritert.

Til saman fem pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2019. Det leggst opp til oppstart av eit nytt skjøtselsprosjekt.

#### 1. Skjøtsel av slåttemyr, Vidmyr NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan Vidmyr naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført rydding av kratt og slått i 2014 og 2015, samt slått av 10 daa i 2016 og 2017 med motorslåtmaskin. I 2018 vart det ikkje slått. I tråd med skjøtselsplanen skal slåtten utvidast til 15 daa i 2019.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til skjøtsel av slåttemyr på Vidmyr.

#### 2. Skjøtsel av slåttemark, Store-Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2018. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2019 vil skje i tråd med desse.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 15 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.

### 3. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyråheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått vart gjennomført i 2017 og 2018 i tråd med denne. Skjøtselen vidareførast i 2019 i samsvar med planen.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 20 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

### 4. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne er det sidan 2014 gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til slått på Mån.

### 6. Skjøtsel av slåttemyr, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkantene av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttemyra. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det er stort behov for bekjemping av denne.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til skjøtselen av slåttemyra på Øyastøl.

### 6. Skjøtsel av slåttemark, Jonstøl, Dyråheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Jonstøl er utarbeidd, og rydding av bjørk og einer kratt er tiltaka som er tilråda. Skjøtselen av området vil starte opp i 2019 i samsvar med planen. Turisthytta Jonstøl har om lag 2000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne stølen blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 20 000 til rydding av slåttemarka ved Jonstøl.

### 7. Utarbeiding av bevaringsmål for hubrolokalitetar

Det er fleire hekkelokalitetar for Hubro i verneområda. Desse lokalitetane har behov for ei særskild overvakning. Forslag til bevaringsmål og overvåkingsprogram vil bli utarbeidd av forvaltningssekretariatet våren 2019, men dette arbeidet må kvalitetssikrast av ekstern konsulent.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20 000 kr til arbeidet med bevaringsmål og overvåkingsprogram for hubrolokalitetane.

### 8. Utarbeiding av skjøtselsplan for Brattelid, SVR, Bykle kommune

Fjellgarden Brattelid er unik og det er behov for skjøtsel av kulturlandskapet rundt garden.

Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 15 000 til utarbeiding av skjøtselsplan for Brattelid.

### 9. Restaurering av drifteveg, Storådalen, Lusaheia, Hjelmeland kommune

Deler av den oppmurte driftevegen over ein bergknaus på nordsida av Storådalen har blitt øydelagt av vatn og snø vinteren 2018. At vegen nå er ute av funksjon gjer tilkomsten til dei indre delane av Storådalen vanskeleg både for sauedrifter og fotturistar. Tiltaket vart tildelt midlar gjennom ei ekstraløyving i august 2018, men dette var for seint til at tiltaket kunne gjennomførast dette året.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til restaurering av driftevegen i Storådalen.

10. Fjerning av boreboltar, Kjerag, Fraffjordheiane, Forsand kommune

Hausten 2018 var 24 gamle boltar fjerna får området mellom Nesatind og Kjeragbolten. Boltane ved stupkanten er visuelt skjemmande og øvst i stupet skapar rust frå boltane misfarging av fjellet. I 2019 vil arbeidet halde fram på vestsida av kløfta.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til fjerning av gamle boreboltar ved Kjerag.

11. Restaurering av jordhytte, Stranddalen, Dyraheio, Suldal kommune.

Like ved Stranddalen turisthytte ligg tuftene etter ei jordhytte. Slike hytter var nytta i samband med både jakt og støling. Grunneigar ønskjer å restaurere hytta og bruke den i samband med formidling til fotturistane i området.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til restaurering av jordhytta i Stranddalen.

12. Klopplugging av sti, Taumevatn, SVR, Sirdal kommune

Stavanger turistforening sin sti frå Flatstøldalen til Taumevatn er uvanleg stygg og vanskeleg framkommeleg i våte parti. Det må derfor gjennomførast ei omfattande klopplugging og drenering. Det er og behov for opprydding etter tidlegare tilretteleggingstiltak som har vore lite vellykka.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til drenering, klopplugging og opprydding langs stien til Taumevatn.

13. Utviding av parkeringsplass, Røssdalen, Fraffjordheiane, Forsand kommune

Parkeringa til Røssdalen er for liten slik at det blir parkeringskaos i dei største utfartshelgene. Forsand kommune har prosjektert ei utviding av parkeringsplassen med 10 nye plassar. Totalkostnaden på prosjektet vil bli ca kr 250.000,-

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100 000 kr til utviding av parkeringsplassen til Røssdalen.

14. Nytt toalettbygg på parkering til Månafossen, Eikeskog, Fraffjordheiane, Gjesdal kommune

Det er behov for eit nytt toalettbygg på parkeringsplassen til Månafossen. Dagens toalettbygg er plassert slik at det både gir vond lukt på parkeringsplassen og stenger utsikta til elva. Bygget må derfor flyttast lengre ned på parkeringsplassen. Kostnadsalkylen for nytt bygg er på 350 000 kr. Finansieringa skjer ved bidrag frå Jæren Friluftsråd og Rogaland fylkeskommune.

Sekretariatet foreslår at det søkast om 100.000 til nytt toalettbygg på parkeringa til Månafossen.

15. Informasjonsskilt, Eikeskog, Fraffjordheiane, Gjesdal kommune

Det skal i tråd med Besøksstrategi for SVR rettast opp fire informasjonsskilt ved Eikeskog. To store (200x950 mm) og eit mellomstort (200x750 mm) skilt ved parkeringsplassen og eit mellomstort inne ved Månafossen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 360 000 kr til innkjøp, formgjeving og fundamentering av fire informasjonsskilt i Røssdalen.

16. Oppgradering av tursti til Hovdenuten, SVR, Bykle kommune

Hovdenuten er eit fantastisk utkikkspunkt mot verneområda på både Vestheia og Austheia. Her vil ein saman med Bykle kommune utvikle ei informasjons og tilretteleggingspakke som skal gjere turmålet ennå meir attraktivt. Det vil både bære snakk om bygging av steintrapper, informasjons skilt og lydbasert informasjon.



Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 500 000 kr til lydinstallasjon og tilretteleggingsarbeid på stien til Hovdenuten.

17. Informasjonsskilt, Galten, Hovden, Bykle kommune

Det skal settast opp to mellomstore informasjonsskilt ved Galten knytt til Hovden landskapsvernområde.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 160 000 kr til innkjøp, formgjeving og fundamentering av to informasjonsskilt ved Galten.

18. Tilrettelegging av stiar og gapahukar, Bortelid, SVR, Åseral kommune

Behov for rydding, merking og utbetring av turstiar som følge av fleire besøkande og slitasje på eksisterande stiar. Bygging av gapahukar som populære nærturmål. Prioritering og plassering i samråd med lokale grunneigarlag.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100 000 kr til turstiar og gapahukar ved Bortelid.

19. Tilrettelegging av stiar og bygging av gapahukar, Ljosland, SVR, Åseral kommune

Behov for rydding, merking og utbetring av turstiar som følge av fleire besøkande og slitasje på eksisterande stiar. Bygging av gapahukar som populære nærturmål. Prioritering og plassering i samråd med lokale grunneigarlag.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100 000 kr til turstiar og gapahukar ved Ljosland.

20. Forprosjekt tursti ved Håhellervatnet, SVR, Valle kommune

Som ein del av Besøksstrategi for SVR blir det lagt opp til å etablere ein godt tilrettelagt tursti med informasjon ut frå rasteplassen ved Håhellervatnet. Dette prosjektet må planleggast grundig og det vil være behov for eit forprosjekt som tek for seg utforming av stien og informasjonsopplegget.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 500 000 kr til forprosjektet til turstien ved Håhellervatnet.

21. Klopplegging av tursti, Bleskestadmoen, Dyraheio, Suldal kommune

STF sin sti på begge sider av turisthytta Bleskestadmoen har stor slitasje og vanskeleg framkommeleg i fleire våte parti. Dette gjeld særleg på strekninga Klauvskeidmoen-Bleskestadmoen. Det må derfor gjennomførast ei omfattande klopplegging og drenering. Det er og behov for opprydding etter tidlegare tilretteleggingstiltak.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til klopplegging av turstiar ved Ljosland.

22. Restaurering av varden på Svarvaren, SVR, Valle kommune

Varden på Svarvaren har rasa saman anten på grunn av forstspregning eller lynnedslag. Restaureringa av varden på Urdalsknuten vart svært godt mottatt og ein ønskje å gjere noko tilsvarande på Svarvaren.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100.000 kr til oppmuring av varden på Svarvaren.

23. Informasjonsfolder til turrenn, Hovden og SVR, Bykle, Valle og Sirdal kommunar

Det skal utarbeidast eit informasjonsark om villrein til deltakarane på dei store turrenna i verneområda (Hovden Tour, Sesilåmi og Sirdal skimaraton).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 10.000 kr til utarbeiding av slike informasjonsark.

24. Kartlegging av ferdsel på anleggsvegen til Store Urdevatn, SVR, Bykle kommune

Volumet av biltrafikken på anleggsvegen til Store Urdevatn er allereie kartlagt, men ein manglar kunnskap om føremålet med ferdsla. Kartlegginga vil bli gjennomført som ei intervjuundersøking i to veker i løpet av sesongen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25.000 kr til denne kartlegginga.

### **Innmelding av bestilling av tjenester av SNO i 2019**

Sekretariatet har hatt eit bestillingsmøte med lokalt SNO om kva for verksemd som bør prioriterast i 2018. Med bakgrunn i desse innspela, pågåande arbeid i verneområdet og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tenester vi ønskjer frå SNO i 2018.

<u>Oppdrag</u>	<u>Verneområde</u>	<u>Bakgrunn</u>
<b>Tilsyn/kontroll</b>		
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle	Kontroll av alle nye byggeløyve av eit visst omfang
Kontroll og dokumentasjon av byggetiltak i Grytdalen	SVR	Det er truleg gjennomført ulovlegetiltak
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 19-22. juli	Frafjordheiane	Fjordårets arrangement vart meldt til politiet
Kontroll av ulovleg bruk av droner langs stien til Kjerag	Frafjordheiane	Vi har fått rapportar om ulovleg bruk av droner
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden	Viktig for villreinenat dispensasjonane blir fulgt
Kontroll av ferdsel i ferdselsforbodssonene ved Stavskar og Øyvuvsbu	SVR	Vi har fått rapportar om ferdsel i områda
Synfaring av ulovleg byggetiltak ved Storheddervatnet	SVR	Synfaring på barmark er nødvendig
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR	Vi har fått rapportar om ulovleg motorferdsel
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR	Kjøresleper må kontrollerast
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>		
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Øyastøl, Kvanndalen	Skilt mangler fleire stader
Utplassering av bilteljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio Dyraheio og Holmavassåno	Rapportar om auke i biltrafikken
Utplassering av bilteljar på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet	Holmavassåno	Rapportar om auke i biltrafikken
Utplassering av ferdselsteljar på stien til Kjerag	Frafjordheiane	Framleis behov for teljingar
Innhenting av tilbud på oppsetting av informasjonsskilt	Alle Frafjordheiane	Iverksetting av besøksstrategien
Oppsetting av informasjonsskilt på Eikeskog og Galten	og Hovden	Iverksetting av besøksstrategien
<b>Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)</b>		
Gjennomføring av overvakingsprogram for bevaringsmål for hubrolokalitetar	SVR	Sårbare hekkelokalitetar må overvakast
<b>Naturveiledning/informasjon</b>		
Orienteringer til verneområdestyret på styremøter		
Orienteringar på opne informasjonsmøtar		
Deltaking på møter og arrangement i regi av verdiskapingsprosjektet		
Delta på møte med helikopterselskap		

Arkivsaksnr: 2018/10912-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 18.12.2018

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	38/18	21.12.2018

## Uttale til planprogram for reguleringsplan for tunell Espedal-Frafjord

### Forvalters innstilling

AU i verneområdestyret for SVR godkjenner uttalen til planprogrammet for reguleringsplan for tunell Espedal-Frafjord.

### Saksopplysninger

Det planleggjast ein ny vegtunell frå Frafjord til Espedal i Gjesdal og Forsand kommunar. Tunellen vil gå under Frafjordheiane landskapsvernområde, men det er ikkje lagt opp til inngrep i verneområda.

Ettersom planområdet for prosjektet strekk seg inn i verneområdet ønskjer forvaltningssekretariatet og sende denne uttalen til planprogrammet for den kommande reguleringsplanen.

Statens Vegvesen  
Region Vest  
Postboks 43  
6861 Leikanger

Deres ref.  
«REF»

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)  
Sak nr. 2018/251 / AOD

Dato  
21.12.2018

### Uttale til planprogram for reguleringsplan for tunell Espedal-Frafjord

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for om lag 4500km<sup>2</sup> verna areal i Setesdal og Ryfylkeheiane. Mellom desse er Frafjordheiane landskapsvernområde kor ein mindre del ved Frafjord inngår i planområdet.

Planane som ligg føre i dag vil ikkje medføre inngrep i det verna arealet. Verneområdestyret ber om at dette og blir lagt til grunn i den vidare planprosessen.

I og med at tunellinnslaget på Frafjordsida ligg svært nær grensa til både Frafjordheiane landskapsvernområde og Ørestø naturreservat, må eventuelle negative konsekvensar for verneområda både kartleggjast og vektleggast i den vidare handsaminga i Statens Vegvesen og Gjesdal kommune, jfr Naturmangfaldlova sin §49.

Nåværande startpunkt og parkering for turstien til Frafjordhatten vil bli sterkt påverka av nye vegar. Gjennom planprosessen må gode parkeringstilhøve og god tilkomst til denne stien sikrast.

Bjørn Laugaland

Styreleiar SVR

### **Vurdering**

Det er viktig at ein på eit tidleg tidspunkt spelar inn at ein ikkje ønskjer tekniske inngrep i verneområda. Det er og viktig å gjere merksam på at ein i planprosessen tek omsyn til tilkomsten til verneområda på Frafjordsida.

Arkivsaksnr: 2018/10838-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 18.12.2018

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	39/18	21.12.2018

## Uttale til ny søknad om planendring for Blåfjell pumpe

### Forvalters innstilling

AU i verneområdestyret for SVR godkjenner uttalen til søknad om ny planendring fro Blåfjell pumpe.

### Saksopplysninger

Statkraft fekk i 2007 konsesjon til ei tilleggsregulering til Ulla-Førre. Blåfjell pumpe er lokalisert i Hjelmeland kommune vest for Blåsjø. Prosjektet som vil produsere om lag 47 GWh ved å overføre og pumpe omkringliggjande vatn til Blåsjømagasinet. Prosjektet vart aldri realisert på grunn av dårleg økonomi, men i 2017 fekk Statkraft godkjent ein omfattande planendringssøknad som skulle betre økonomien i prosjektet og redusere skadeverknadene for villreinen i området. Nå kjem det ein ny søknad om planendring for å betre økonomien i prosjektet, og forvaltningssekretariatet ønskjer å sende denne uttalen.

NVE  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 Oslo

Deres ref.  
«REF»

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)  
Sak nr. 2018/251 / AOD

Dato  
21.12.2018

## Uttale til ny søknad om planendring for Blåfjell pumpe

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for om lag 4500km<sup>2</sup> verna areal i Setesdal og Ryfylkeheiane. Dei tekniske inngrepa det er søkt om i samband med Blåfjell pumpe er lokalisert om lag 5km nord for Lusaheia landskapsvernområde og inngår såleis ikkje i det verna arealet.

Verneområdestyret vel likevel og uttale seg om planendringane av omsyn til villreinstamma i området. Villreinen og i varetaking av villreinstamma sine leveområde er heilt sentrale verneføremål i fleire av verneområda verneområdestyret har forvaltningsmynde for, og dei planlagde inngrepa vil ha negativ innverknad på villreinen i området.

Villreinstamma i Setesdal – Ryfylke villreinområde er allereie sterkt prega av inngrep i samband med kraftutbygging. Dette har allereie resultert i stengte trekkveggar og neddemde beiteområde slik at villreinstammen er i ferd med å bli delt i to. Til dømes blir områda ved Blåfjell bruka mindre regelmessig og av færre dyr enn før Ulla-Førre utbygginga.

Ei kvar tilleggsbelastning i denne området er derfor til ulempe for villreinen. Bygging av to nye pumpestasjonar som vil ligge ute i dagen vil skape nye vandringshinder, og dersom det i tillegg er knytt lys og/eller lyd ureining til pumpestasjonane vil villreinen truleg ikkje bruke området etter utbygginga. I denne nye søknaden er og eit positivt villreintiltak som terskelen over Store Giljvatnet teken ut.

Verneområdestyret ber derfor om at søknaden om planendring ikkje blir godkjent.

Bjørn Laugaland

Styreleiar SVR

### **Vurdering**

Sjølv om Blåfjell pumpe ikkje omfattar verna areal meiner forvaltningssekretariatet at det er rett å sende ein uttale. Blåfjell pumpe har ein negativ innverknad for villreinstamma i Setesdal-Ryfylkevillreinområde, og planendringa det blir søkt om påverkar villreinen i større grad enn dei godkjente planane.

Dette er særleg knytt til at dei to pumpestasjonane nå blir liggande i dagen og ikkje i fjell, og at villreinterskelen i Store Giljvatnet nå er teken ut av planane.

**AU 40/18 Eventuelt**